



Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET	
AVD./SEK.: VSS	S.BEH.: ALJ
03 FEB. 2006	
S.NR.: 05/1111-38	AVSKRIFTEVET:
ARKIVKODE: 072.11	

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200506993-5/841/THRO

Dykkar ref.:
05/1111-ALJ

Bergen, 31. januar 2006

EU-kommisjonen sitt forslag til kollektivtransportforordning - fråsegn frå Hordaland fylkeskommune

Vi viser til Dykkar brev av 08.11.05 der De ba om fråsegn til EU-kommisjonen sitt forslag til kollektivtransportforordning.

Saka blei handsama av Hordaland fylkesutval i møte 26.01.06 som gjorde slikt vedtak:


"Fylkesutvalet har følgjande merknader til EU-kommisjonen sitt forslag av 20.07.05 til kollektivtransportforordning:

- Terskelen for krav til anbod bør setjast til 1,5 million Euro eller 500 000 vognkilometer per år.
- Trongen for offentleggjering av løyvestyresmakta sine plikter må vurderast grundig opp mot etterspørselen etter informasjon. Etter fylkesutvalet si meining er det sunt at fylkesadministrasjonen sitt arbeid vert målt, men fylkesutvalet finn det i denne samanheng meir tenleg å utarbeide skreddarsydd informasjon på førespurnad framfor å bruke ressursar på utgreingar som ein ikkje kjenner behovet for. Innsynsretten er tilstrekkeleg ivareteken i gjeldande norske lover og praksis.
- Etter fylkesutvalet si meining vil forslaga i forordninga ikkje medføre redusert administrativt arbeid eller redusert trong for sentral koordinering.
- Fristen for offentleggjering av intensjonen med kontraktsinndelingar bør setjast seinare enn sitt år før kontrakt tek til å gjelde.
- Etter fylkesutvalet si meining er det ikkje tenleg med ei standardisert detaljering av kontraktsformen. Regelverket bør vere fleksibelt nok til å ta omsyn til ulikskapen i geografiske, demografiske og sosiale tilhøve mellom regioner og land i EØS- og EU-området."

Fylkesrådmannen si saksutgreiing følgjer vedlagt.

Med helsing


Magnus Vestrheim


Tor Harald Rødseth



Arkivsak 200506993-2
Arkivnr. 841
Saksh. Rødseth, Tor Harald

Saksgang	Møtedato
Samferdselsutvalet	18.01.2006
Fylkesutvalet	26.01.2006

HØYRING: EU-KOMMISJONEN SITT FORSLAG TIL KOLLEKTIVTRANSPORTFORORDNING


SAMANDRAG

EU-kommisjonen la i fjor sommar fram forslag til forordning for kollektivtransport. Samferdselsdepartementet har bede høyringsinstansane om å kome med merknader til alle deler av EU-kommisjonen sitt forslag til kollektivtransportforordningen. Fylkesrådmannen har, slik det framgår av saksframstillinga, funne grunnlag for å kome med nokre merknader til forslaga. Merknadene gjeld anbodsterskelen, offentleggjering og regulering. I tillegg har fylkesrådmannen kome til at forordninga neppe vil medføre redusert administrativt arbeid.


FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkesutvalet har følgjande merknader til EU-kommisjonen sitt forslag av 20.07.05 til kollektivtransportforordning:
 - a) Terskelen for krav til anbod bør setjast til 1,5 million Euro eller 500 000 vognkilometer.
 - b) Trongen for offentleggjering av løyvestyresmakta sine plikter må vurderast grundig opp mot etterspørselen etter informasjon. Etter fylkesutvalet si meining er det sunt at fylkesadministrasjonen sitt arbeid vert målt, men fylkesutvalet finn det i denne samanheng meir tenleg å utarbeide skreddarsydd informasjon på førespurnad framfor å bruke ressursar på utgreiingar som ein ikkje kjenner behovet for. Innsynsretten er tilstrekkeleg ivareteken i gjeldande norske lover og praksis.
 - c) Etter fylkesutvalet si meining vil forslaga i forordninga ikkje medføre redusert administrativt arbeid eller redusert trong for sentral koordinering.
 - d) Fristen for offentleggjering av intensjonen med kontraktsinndelingar bør setjast seinare enn eitt år før kontrakt tek til å gjelde.

- e) Etter fylkesutvalet si meining er det ikkje tenleg med ei standardisert detaljering av kontraktsformen. Regelverket bør vere fleksibelt nok til å ta omsyn til ulikskapen i geografiske, demografiske og sosiale tilhøve mellom regioner og land i EØS- og EU-området.



Paul M. Nilsen



Magnus Vestheim

Vedlegg:

Brev av 08.11.05 frå samferdselsdepartementet

FYLKESRÅDMANNEN, 10.01.2006:

Bakgrunn

Samferdselsdepartementet har i brev av 08.11.05 (vedlagt) sendt på høyring *EU-kommisjonens forslag til forordning om kollektivtransport med jernbane og på vei, KOM (2005)319 endelig. Servicekrav og tildeling av kontrakter for offentlig trafikkbetjening – EUs arbeid* (kollektivtransportforordningen, uprenta vedlegg). Forslaget til forordning er omtala i brevet frå samferdselsdepartementet.

Saksopplysningar

Dersom forslaget blir vedtatt vil det føre til endring av yrkestransportlova og yrkestransportforskrifta.

Det aktuelle forslaget til EU-kommisjonen tek for seg ei lang rekkje problemstillingar, som kort kan oppsummerast slik:

- Rammer for tildeling av tilskot.
- Innhald i tilskotskontraktar.
- Anbod.
- Offentleggjering.
- Overgangsføresegner.

Dei konkrete forslaga går fram av vedlegget til samferdselsdepartementet sitt brev. Departementet ber eksplisitt om å bli gjort kjend med høyringsinstansane sitt syn på følgjande spørsmål:

1. Kva økonomiske og administrative konsekvensar vil forslaget kunne få?
2. Kva vil det ha å seie at det vert sett krav om anbod ved kontraktar som har ein pårekna verdi (billettinntekt + tilskot) på 1 mill euro (f. t. ca 8 mill kr) eller meir eller ei produksjonsramme på 300 000 km eller meire?
3. Kva vil det ha å seie at løyvestyresmakta ("kompetent myndighet") årleg skal offentliggjere ei detaljert oversikt over alle plikter for offentlig transport som løyvestyresmakta er ansvarleg for?
4. Kva vil det ha å seie at løyvestyresmakta må offentliggjere intensjonen om tildeling av kontrakt til offentlig teneste eitt år framfor anbodsinvasjon eller direkte tildeling av kontrakt? (Med "intensjon" meiner EU-kommisjonen namn på løyvestyresmakta, vald måte for kontraktsteikning og løyveområde.)
5. Korleis ser høyringsinstansane på oppfyltinga av krava i vedlegget til forordningsforslaget, med omsyn til generelle reglar og direkte tildeling? (Artikkel 4.)
6. Kva vil det ha å seie at regional- og langdistansetransport med jernbane vert unnateke frå kravet om anbod?

Vurdering

Spørsmål 1 og 2: Økonomiske og administrative konsekvensar

Til lågare anbodsterskelen vert, til fleire tilbydarar kan ein i utgangspunktet pårekne, noko som kan vere konkurransefremjande.

Fylkesrådmannen er samd i at det bør vere ein anbodsterskel. Terskelen bør etter mi meining vere noko høgare enn føreslege, slik at fylkeskommunen kan ha ein viss lokal fridom i samband med utlysing av mindre anbodspakkar. Etter det eg kan sjå vil låge anbodstersklar kunne medføre auka administrativt arbeid i samband med utarbeiding av kravspesifikasjonar, gjennomføring av anbodsrundar og implementering av kontraktar. Anbodsterskelen bør difor aukast til 1,5 million Euro eller 500 000 vognkilometer.

Den type offentliggjering som er omtalt i spørsmål 3 og 4, og spørsmål 5 om overvaking av generelle reglar vil etter det eg kan sjå og medføre ein viss auke i det administrative arbeidet.

Når det gjeld kva konkrete økonomiske konsekvensar forordninga kan få, vil fylkesrådmannen ved dette høvet berre peike på at det er registrert økonomiske vinstar i hovuddelen av dei kollektivtransportsamband som har vore utlyst på anbod.

Spørsmål 3: Offentleggjing av løyvestyresmakta sine plikter

Samferdselsavdelinga gjev jamleg generell informasjon til media og vegfarande, og spesifikk informasjon etter spesialbestillingar frå forskingsinstitutt med vidare. Etter fylkesrådmannen sitt syn er det sunt at fylkesadministrasjonen sitt arbeid vert målt, men eg er usikker på om det er rett bruk av ressursar å utarbeide ei rekkje utgreingar innan det er kjent om det er trong for dei, framfor å levere skreddarsydd informasjon på førespurnad.

Spørsmål 4: Offentleggjing av intensjonen med tildeling av kontrakt

I forkant av ei anbodsløysing må det tidvis gjerast utgreingar i forkant av politisk handsaming. Etter den politiske handsaminga må administrasjonen så "operasjonalisere" vedtaket i form av mellom anna utarbeiding av kravspesifikasjonar. Dersom det vert sett krav om offentleggjing av "intensjonen" med kontraktstildeling 1 år før kontrakten skal gjelde, er det større fare for at premissane for dei politiske vedtaka endrar seg enn dersom offentleggjinga skjer seinare.

Spørsmål 5: Oppfyljinga av krava i vedlegget til forordningsforslaget, med omsyn til generelle reglar og direkte tildeling

Fylkesrådmannen kjenner ikkje til at nemnde krav er fullt ut oppfylt i noko fylke i Norge. Etter mi vurdering er det heller ikkje tenleg med ei standardisert detaljering av kontraktsformene. Slik eg ser det, bør regelverket vere fleksibelt nok til å ta omsyn til ulikskapen i geografiske, demografiske og sosiale tilhøve mellom regioner og land i EØS- og EU-området. Det bør og vere såpass fleksibelt at ein kan redusere behovet for sentral koordinering til eit minimum.

Spørsmål 6: Delvis skjerming av jernbanedrift frå anbod

Dersom regional- og langdistansetransport med jernbane vert unnateke frå kravet om anbod vil det vere eit virkemiddel som kan styrke jernbanen si konkurransekraft overfor andre transportformer, og for å få auka avkastning på jernbaneinfrastrukturen. Fylkesrådmannen er likevel i tvil om at skjerming av jernbanedrifta vil gje eit samla sett betre kollektivtilbod.